


## 2. Privat forbruk

### 2.1. Nokre resultat

*Nasjonalrekneskapen –  
Konsum i hushald til ulike  
kultur gode og fritidstenester*

Førebelse tal frå nasjonalrekneskapen (sjå 2.2) syner at dei norske hushalda brukte til saman nesten 131 milliardar kroner i 2011 til ulike typar kultur gode og fritidstenester. Dette er ein auke på 6,4 milliardar kroner, eller 5 prosent, frå 2010. I 2011 utgjorde fritidstenester 54,7 milliardar kroner, eller 42 prosent, av det totale kulturkonsumet. Aviser, blomster og anna ikkje-varige fritidsvarer kom på 25,4 milliardar kroner, eller 19 prosent. Foto- og IT-utstyr utgjorde 22,4 milliardar, eller 17 prosent, og sportsutstyr, hobbyartiklar, leiker med meir utgjorde 20,8 milliardar, eller 16 prosent. Sjå tabell 2.1 og figur 2.1.


**Figur 2.1. Konsum i hushald, etter type kultur gode. 2011. Prosent**



Kjelde: Nasjonalrekneskapen, Statistisk sentralbyrå.

Konsumet til fritidstenester auka med 5,6 milliardar kroner, eller 11 prosent, frå 2010. Det er den same auken som frå 2009 til 2010, som representerte den største auken i prosent sidan 1999. Konsumet til fritidstenester stod for den største delen av auken i kulturkonsumet, også frå 2010 til 2011, da auken i dei fire andre hovudgruppene låg mellom 1 og 3 prosent. Sjå figur 2.2.


**Figur 2.2. Konsum i hushald, hovudgrupper, gjeldande prisar. 2000-2011. Millionar kroner**



Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

Dei reviderte tala for gruppa fritidstenester i perioden 2000-2010 syner at konsumet i gjeldande prisar har auka frå 32 milliardar i 2000 til over 49 milliardar kroner i 2010. Konsumet til gruppa kulturelle tenester og underhaldning har auka mest og var på drygt 18 milliardar kroner i 2010. Konsumet til pakketurar steig med over 1 milliard kroner frå 2009 til 2010. Konsumet til lotteri- og totalisatorspel hadde ei svak stigning frå 2009 til 2010, men ser ein tilbake på til dømes 2005, har konsumet gått ned med nesten 4 milliardar. Delen til kulturelle tenester og underhaldning utgjorde 37 prosent av forbruket for gruppa fritidstenester. Til samanlikning var delen til denne gruppa 26 prosent i år 2000. Delen til dei andre tre store gruppene – pakketurar, lotteri- og totalisatorspel og sport og fritidstenester – har i same tidsrom gått ned, frå høvesvis 30 til 28 prosent, 24 til 18 prosent og 19 til 16 prosent. Sjå figur 2.3.

**Figur 2.3. Konsum i hushald, gruppa fritidstenester, gjeldande prisar. 2000-2010. Millionar kroner**




Kjelde: Statistisk sentralbyrå.

*12,5 prosent av hushaldsbudsjettet til kultur og fritid*

Forbruksundersøkingane blei etter 2009 lagde om frå årleg til periodisk undersøking. Neste forbruksundersøking vil bli gjennomført i 2012, og resultatane vil bli publiserte i 2013. Dei siste tala, Forbruksundersøkinga 2007-2009, viste at utgiftene til kultur og fritid var den tredje største utgifta, med 49 000 kroner, og utgjorde 12,5 prosent av dei årlege utgiftene til hushalda. Til samanlikning gjekk 31 prosent av hushaldsbudsjettet til bustad, lys og brensel, 16 prosent til transport og 12 prosent til matvarer og alkoholfri drikke.

Samanlikna med tidlegare år held forbruket til kultur og fritid seg relativt stabilt i forhold til det totale forbruket per hushald. I perioden 1999-2009 varierte delen til kultur og fritid mellom 12,0 og 12,8 prosent, sjå figur 2.4. På 2000-talet har forbruket til kultur og fritid med andre ord auka nokolunde jamt med det totale forbruket per hushald. Ser ein heile perioden under eitt, har forbruket til kultur og fritid auka med 37 prosent, mens det totale forbruket har auka med 36 prosent, frå 1999-2001 til 2007-2009.

**Figur 2.4. Del til kultur og fritid per hushald av total forbruksutgift. Fra 1999-2001 til 2007-2009. Prosent**

Kjelde: Forbruksundersøkinga, Statistisk sentralbyrå.


Innanfor tenestegruppa kultur og fritid var dei årlege utgiftene for 2007-2009 følgjande på dei ulike grupperingane:

- Audiovisuelt utstyr – 8 900 kroner
- Andre varer, kultur og fritid – 5 500 kroner
- Anna utstyr, fritid og hage – 9 300 kroner
- Tenester, kultur og fritid – 11 200 kroner
- Aviser, bøker og skrivemateriell – 5 800 kroner
- Feriereiser, pakketurar – 8 700 kroner

Ser ein på dei ulike typene hushald, var det til dels store skilnader. Hushald som består av par med barn, der yngste barnet er mellom 7 og 19 år, brukte mest pengar på kultur og fritid, 91 000 kroner, eller 14,7 prosent av totale forbruksutgifter. Dei som brukte minst på kultur og fritid i forhold til totalt forbruk, var einslege med barn under 20 år, med 39 400 eller 11,2 prosent. Sjå tabell 2.2.

For gruppa tenester, kultur og fritid synte tala for 2007-2009 at einpersonhushald brukte forholdsvis meir enn dei andre hushaldstypene. 30 prosent av kulturbudsjettet til einpersonhushald gjekk til tenester, kultur og fritid, mens dei andre hushaldstypene brukte mellom 18 og 23 prosent. Innanfor gruppa tenester, kultur og fritid brukte hushald med barn minst på spel og lotteri, mens dei andre hushaldstypene brukte minst på sports- og fritidstenester. Par med barn, der yngste barnet er mellom 7 og 19 år brukte derimot mest på sports- og fritidstenester. Sjå figur 2.5.

**Figur 2.5. Årlege utgifter per hushald til tenester, kultur og fritid, etter type hushald. 2007-2009. 2009-prisar. Kroner**



Kjelde: Forbruksundersøkinga, Statistisk sentralbyrå.

Ser ein på forholdet mellom typar hushald i dei andre gruppene, skilde einpersonhushald seg ut ved at dei brukte relativt mykje på bøker (5,2 prosent av totalt kulturforbruk) og aviser og tidsskrift (8,2 prosent). Par utan barn brukte også relativt mykje på aviser og tidsskrift (8,3 prosent), men ikkje på bøker (3,4 prosent). Par med barn, der yngste barn er mellom 0 og 6 år, brukte relativt mykje på spel, leiker og hobby (9,3 prosent av totalt kulturforbruk), men også ein del på utstyr til sport og camping (6,4 prosent). Einslege med yngste barn under 20 år brukte også ein del på spel, leiker og hobby (5,0 prosent), men dei brukte meir på utstyr til sport og camping (9,0 prosent). Par med barn, der det yngste barnet er mellom 7 og 19 år, var dei klart største forbrukarane av større gjenstandar for utandørs rekreasjon, med 19,5 prosent av totalt kulturforbruk. Par utan barn brukte forholdsvis mest på feriereiser, pakketurar (21,0 prosent).

## 2.2. Om statistikken – privat forbruk

Statistisk sentralbyrå (SSB) nyttar to ulike metodar for å kunne syne det private forbruket til ulike kulturgode og tenester i det norske samfunnet. Den eine er forbruksundersøkinga, den andre er nasjonalrekneskapen. Inndelinga i hovudgrupper er noko ulik i desse to kjeldene, men undergruppene er nesten heilt like.

### Nasjonalrekneskapen

Nasjonalrekneskapen viser utviklinga i norsk økonomi. Utviklinga blir målt ved bruttonasjonalproduktet og andre hovudstorleikar. Rekneskapen inneheld også mange tal for ulike delar av samfunnsøkonomien, mellom anna om næringer, hushald, arbeidsmarknad og utanrikshandel. Nasjonalrekneskapen byggjer på tal frå dei fleste av SSBs økonomiske statistikkar. Det finst tal frå nasjonalrekneskapen heilt tilbake til 1865. Nasjonalrekneskapen er viktig for utforminga av den økonomiske politikken.

### Forbruksundersøkinga

Statistisk sentralbyrås forbruksundersøking er lagt om frå å vere ei årleg til ei periodisk undersøking. Dei siste tala er frå 2009, og det blir dermed ikkje presentert nyare tal i dette kapittelet. Neste datainnsamling vil bli i 2012, med publisering av resultat i 2013.

### Meir informasjon

Temaside - forbruket i hushalda. (<http://www.ssb.no/forbruk>)

Temaside – nasjonalrekneskap. (<http://www.ssb.no/regnskap>)

Tabell 2.1. Konsum i hushald, gjeldende priser. 2000-2011 . Millionar kroner

Type kulturgode	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010 <sup>1</sup>	2011 <sup>2</sup>
<b>I alt .....</b>	<b>76 761</b>	<b>81 389</b>	<b>84 803</b>	<b>90 082</b>	<b>95 489</b>	<b>99 840</b>	<b>106 681</b>	<b>114 519</b>	<b>117 551</b>	<b>119 178</b>	<b>124 369</b>	<b>130 820</b>
Foto- og IT-utstyr	13 686	14 304	14 563	15 030	16 401	17 231	19 478	21 521	22 374	21 313	22 518	22 467
Utstyr for mottaking, opptak og reproduksjon av lyd og bilete	7 375	7 792	7 900	8 119	8 862	9 339	10 737	11 853	11 830	10 956	10 913	..
Fotoutstyr, kikkertar mv. ....	765	790	808	838	914	962	1 020	1 121	1 158	1 220	1 298	..
IT-utstyr .....	5 546	5 722	5 855	6 073	6 625	6 930	7 721	8 547	9 386	9 137	10 307	..
Sportsutstyr, hobbyartiklar, leiker mv .....	12 429	12 777	13 252	13 920	14 889	15 822	17 222	19 245	19 753	20 127	20 449	20 802
Film, CD, kassetar og liknande .....	3 309	3 422	3 537	3 590	3 921	4 135	4 617	5 125	5 344	5 079	4 593	..
Leiketøy og hobbyartiklar ...	3 081	3 161	3 276	3 445	3 627	3 782	3 989	4 256	4 371	4 660	4 701	..
Utstyr til sport og camping .....	2 667	2 736	2 844	2 985	3 141	3 305	3 805	4 209	4 242	4 430	4 607	..
Bøker .....	3 372	3 458	3 595	3 900	4 200	4 600	4 811	5 655	5 796	5 958	6 548	..
Varig kultur- og fritidsutstyr .....	4 128	4 384	4 598	4 914	5 387	5 588	5 881	7 138	7 091	7 258	7 511	7 420
Større gjenstandar for utandørs rekreasjon .....	3 553	3 785	3 991	4 290	4 659	4 846	5 094	6 301	6 216	6 343	..	..
Musikkinstrument, større gjenstandar for innandørs rekreasjon .....	575	599	607	624	728	742	787	837	875	915	..	..
Aviser, blomster og andre ikkje-varige fritidsvarer	14 570	16 060	17 178	18 419	18 949	19 762	20 760	22 492	23 314	24 126	24 754	25 405
Blomstrar og hage .....	4 817	5 421	6 031	6 713	6 713	7 043	7 348	8 007	8 371	8 670	8 809	..
Kjæledyr .....	1 330	1 497	1 659	1 741	1 741	1 827	2 042	2 226	2 331	2 419	2 460	..
Aviser, vekeblad og tidsskrift mv. ....	7 472	8 166	8 474	8 900	9 375	9 716	10 152	11 004	11 362	11 714	12 113	..
Papirvarer .....	951	976	1 014	1 065	1 120	1 176	1 218	1 255	1 250	1 323	1 372	..
Fritidstenester ....	31 948	33 864	35 212	37 799	39 863	41 437	43 340	44 123	45 019	46 354	49 137	54 725
Reparasjon av audiovisuelt, foto og IT-utstyr	200	213	228	236	275	267	227	200	201	207	187	..
Reparasjon av fritidsutstyr .....	156	143	153	182	211	205	186	174	193	182	187	..
Veterinærtenester og andre tenester som gjeld kjæledyr .....	343	377	402	434	433	469	516	532	692	738	712	..
Sport og fritidstenester ..	5 960	6 391	6 631	7 434	7 704	7 020	6 534	6 922	7 085	7 514	7 563	..
Kulturelle tenester, underhaldning .	8 188	8 624	8 978	9 765	9 847	11 067	12 656	15 077	15 530	16 746	18 108	..
Lotteri- og totalisatorspel ..	7 547	8 253	9 693	10 970	11 650	12 353	12 161	9 695	8 344	8 349	8 646	..
Pakketurar .....	9 554	9 863	9 127	8 778	9 743	10 056	11 060	11 523	12 974	12 618	13 734	..

<sup>1</sup> Fleire av tala er korrigererte. <sup>2</sup> Førebelse tal.

Kjelde: Nasjonalrekneskapen, Statistisk sentralbyrå.

Tabell 2.2. Utgift per hushald, etter type hushald og etter vare- og tenestegruppe. 2007-2009. Kroner

09 Vare- og tenestegruppe	Alle hushaldninger	Einpersonhushaldninger	Par utan barn	Par med barn, yngste barn 0-6 år	Par med barn, yngste barn 7-19 år	Mor eller far med barn, yngste barn 0-19 år	Andre hushaldninger
<b>Forbruksutgift i alt .....</b>	<b>395 093</b>	<b>251 601</b>	<b>437 098</b>	<b>567 062</b>	<b>617 984</b>	<b>352 276</b>	<b>426 663</b>
<b>Kultur og fritid i alt .....</b>	<b>49 343</b>	<b>30 885</b>	<b>53 363</b>	<b>65 897</b>	<b>90 955</b>	<b>39 427</b>	<b>49 449</b>
Personar per hushaldning .....	2,19	1,00	2,00	4,06	3,92	2,39	2,88
091 Audiovisuelt utstyr .....	8 894	5 980	8 980	11 773	14 296	8 634	10 439
Utstyr for mottaking, opptak og reproduksjon av lyd og bilete .....	4 347	3 014	4 890	5 833	6 698	3 266	4 557
Fotoutstyr, kikkertar mv. ....	1 075	651	1 321	1 482	1 308	703	1 759
IT-utstyr .....	2 324	1 561	1 807	2 585	4 252	3 534	2 944
Film, CD, kassetar og liknande .....	1 125	754	925	1 844	1 988	1 121	1 125
Reparasjon av audiovisuelt, foto og IT-utstyr .....	23	:	36	29	50	10	54
092 Andre varer, kultur og fritid .	5 452	629	6 760	8 184	19 701	3 762	1 653
Større gjenstandar for utandørs rekreasjon .....	4 684	258	5 911	7 165	17 751	2 922	1 346
Musikkinstrument, større gjenstandar for innandørs rekreasjon .....	294	355	193	311	374	120	276
Reparasjon av større gjenstandar for kultur og fritid .....	473	16	656	709	1 575	719	31
093 Anna utstyr, fritid og hage .	9 310	4 369	8 601	17 024	16 598	10 128	12 009
Spel, leiker og hobby .....	1 835	534	1 082	6 106	3 579	1 974	1 421
Utstyr til sport og camping .....	1 724	682	958	4 218	3 600	3 538	985
Blomstrar og hage .....	2 999	1 674	4 381	3 531	4 644	1 372	3 739
Kjæledyr .....	2 752	1 478	2 180	3 169	4 775	3 244	5 864
094 Tenester, kultur og fritid ....	11 204	9 365	11 020	13 123	17 829	7 133	11 236
Sport og fritidstenester .....	3 159	1 960	2 434	4 263	7 758	2 540	2 868
Kulturelle tenester, underhaldning .....	5 378	4 892	5 212	6 945	7 106	3 341	5 114
Spel og lotteri .....	2 667	2 513	3 374	1 915	2 965	1 251	3 253
095 Aviser, bøker og skrivemateriell .....	5 754	4 659	6 795	6 712	8 336	3 517	5 010
Bøker .....	1 909	1 610	1 818	2 749	3 098	1 095	1 382
Aviser og tidsskrift .....	3 156	2 522	4 450	2 893	4 107	1 768	2 913
Diverse trykksaker .....	319	249	256	481	497	308	332
Papirvarer .....	369	278	271	589	634	346	382
096 Feriereiser, pakketurar .....	8 730	5 883	11 207	9 080	14 196	6 254	9 102

Kjelde: Forbruksundersøkinga, Statistisk sentralbyrå.